


NOTAT I SAMBAND MED SØKNAD OM ETABLERING AV SMÅDYRKREMATORIUM I SKJÆSARØYE, INDUSTRIOMRÅDET I LOM

Felles plankontor for Lom og Skjåk, 13.12.2023.

Den omsøkte plasseringa ligg innanfor område regulert for industri og verkstadverksemder, lengst aust i industriområdet.



Næraste naboar er ei industritomt for produksjon av betong (Betong Øst AS), to maskinentreprenørar (Flåklypa maskin AS og Gjeisar maskin AS – her er det foreløpig ikkje oppført bygningar), og eit utleigebrygg (Ruler AS) som i dag blir nytta til bilpleieverksemd.

Landbrukseigedom mot aust (37/1) er eigd av Thor Anders og Ingebjørg Hagen, Skjæsar. Det er ingen kjente utslepp til grunn eller naturmiljø frå verksemndene, men det er ein del støv- og støyproblematikk knytt til betongstasjonen.

Søraustre hjørne av tomta grensar til Åsjo naturreservat.

Influensområde for event. utslepp til luft frå krematoriet

Lokal vindretning følgjer i hovudsak dalretningane, dvs. vind frå vest-nordvest, aust -nordaust og frå sørvest. I det følgjande er det lagt til grunn eit spreingsområde på 15 grader til kvar side for hovedvindretningen, sjå vedlagt kartskisse.

Ved vind frå vest-nordvest: Innanfor ein avstand på 0,5 km frå lokaliteten ligg Åsjo naturreservat, men ingen bygningar. Innanfor avstand 0,5- 1 km ligg Rv 15, eit næringsbygg (elektroinstallasjon), eit gardstun og 7 bustadeigedomar.

Ved vind frå aust-nordaust: Innanfor ein avstand på 0,5 km frå lokaliteten ligg 8 næringseigedomar (1 bilpleiefirma, 1 maskinentreprenør, 1 vaskeri, 5 bygningsentreprenørar), Lom miljøstasjon og avløpsrenseanlegg for Lom sentrum. Innanfor avstand 0,5- 1 km ligg elva Bøvre, idrettsanlegg, vassverk for Lom sentrum, kyrkjelydshus, fleirbrukskall/ kulturhus og vidaregåande skule, Lom prestegard, ein kombinert bustadeigedom/ campingplass og Rv 15.

Ved vind frå sørvest (ned Bøverdalens) vil influensområdet gå ut over Ottaelva, og det ligg ikkje bygningar innanfor fleire kilometer (ikkje inntekna på kartskissa).